



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148
0033 OSLO

Endringar i energilova og energilovforskrifta. Fråsegn til høyring.

Vi viser til Dykkar brev av 07.12.2012, der forslag til endringar i energilova og energilovforskrifta blir sendt på høyring.

Fylkesmannen er positiv til at det blir fastsett ei grense for konsesjonsplikt for vindmøller som er direkte knytt til installert effekt, og ikkje til spenningsnivået på naudsynte installasjonar.

Grensa for konsesjonsplikt er i høyringsforslaget sett til 500 kW installert effekt, og maksimalt to turbinar innanfor dette. Fylkesmannen har ikkje kompetanse til å vurdere kor mykje større vindmøller som då kan settast opp utan konsesjon etter energilova, men merkar seg at slike turbinar kan vere opp mot 100 meter opp til øvste rotorspissen. Dette er byggverk som, avhengig av plassering, kan gi negative verknader for m.a. landskap, friluftsliv, naturmangfald, bumiljø og jordvern.

Etablering av vindkraftanlegg under 500 kW vil som ei følgje av endringa bli handsama av kommunane etter plan- og bygningslova. Som statleg sektormyndigheit er Fylkesmannen høyringsinstans for plan- og dispensasjonssaker, og kan påverke utfallet av slike saker innanfor dei rammene plan- og bygningslova og forvaltningslova gir.

Gardsvindmøller som i det vesentlege forsyner garden med eigen energi, er etter Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet sin rettleiar Landbruk Pluss definert som tiltak som inngår i landbruksomgrepet. I landbruk-, natur- og friluftsområder (LNF) treng ikkje slike anlegg dispensasjon frå plan, og er berre underlagt kommunal byggesakshandsaming, utan høyring til Fylkesmannen eller andre sektormyndigheiter.

Bruksstrukturen i Møre og Romsdal er prega av små gardseigedomar, teigblanding og korte avstandar mellom ordinære bustader og landbruksareal. Kulturlandskapet har i seg sjølv store verdiar, og er viktig for friluftsliv og biologisk mangfald. Våtmarksområda langs kysten er særleg viktige for fugl. Gardsvindmøller kan såleis gi sterke negative verknader i sårbare område, både for enkeltmøller og i sum om det får noko omfang.

Rettleiaren som skal utarbeidast for kommunane si handsaming, vil vere viktig for å gi rammer som sikrar allmenne interesser. For å gi regionale sektormyndigheiter høve til å påverke plassering av gardsvindmøller, må rettleiaren gi klare rammer for kor store møller som kan handsamast utan høyring. Ideelt sett bør alle vindmøller høyrast, men om dette


ikkje er ønskjeleg, bør det fastsettast ei absolutt grense som gjeld uavhengig av garden sitt energiforbruk. Underretningsplikt for kommunen om sine byggeløyve for vindturbinar bør uansett vere aktuelt. I tillegg må krav til det driftsmessige behovet for vindkraftanlegg på landbrukseigedomar understrekast i rettleiaren.

Rettleiaren bør også gjere greie for kommunen sine verkemiddel til å styre etablering av mindre vindkraftanlegg gjennom arealplanlegging, og bør drøfte naturmangfaldlova si rolle i kommunen si sakshandsaming.

Konklusjon

Fylkesmannen er positiv til endringane Olje- og energidepartementet forslår å gjere i energilova og energilovforskrifta. Departementet må sikre at vindturbinar definert som landbrukstiltak får ei forsvarleg handsaming som tar i vare nasjonale og regionale omsyn knytt til t.d. landskap, naturmangfald, støy og jordvern.

Med helsing



Lodve Solholm
fylkesmann



Sveinung Dimmen
samordnar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo